



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Flyruter ved Sogndal lufthamn Haukåsen - innspel til ruteprogram anbodsruiter

Viser til Widerøe sitt ruteprogram som er sendt til høyring til fylkeskommunen. Sogn regionråd har følgjande innspel til ruteprogrammet:

Sogn regionråd ønskjer nattstasjonert fly frå Sogndal lufthamn Haukåsen. Kommunane i Indre Sogn har over fleire år prioritert arbeidet med å utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen mellom anna har regulariteten blitt betre etter investeringar i teknisk innflygingsutstyr. Nattstasjonert fly vil sikra regulariteten ytterlegare, og vil gje betre flytilbod for næringsliv og offentlege verksemder i regionen. Indre Sogn er vertskap for ei rekkje verksemder med nasjonale og internasjonale interesser og blant dei store offentlege arbeidsplassane har vi Direktoratet for forvaltning og IKT, NAV, Statens vegvesen, Statkraft og Vestlandforskning for å nemna nokre. Alle desse har store krav til regularitet på sine reiser. Fast stasjonert nattfly er eit tiltak vi veit vil sikra regulariteten. Vi føreslår derfor at det siste kveldsflyet som går Sogndal –Oslo i 21-tida i staden vert ståande på Sogndal lufthamn Haukåsen natta over. Dette alternativet inneber at det heller ikkje går tidleg morgonfly frå Oslo kl 0630. Vår vurderinga er, utifrå dei erfaringane vi har så langt med det siste kveldsflyet, at det er viktigare for kommunane at regulariteten på morgonflyet Sogndal-Oslo (kl 0735) er sikra enn å ha eit seint kveldsfly til Oslo og eit tidleg morgonfly til Sogndal. Sogn regionråd ber om at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek innspelet inn i høyringsfråsegna til Widerøe.

Det er med undring vi registrerer at Widerøe har endra vilkåra for tal direkteflygingar frå Sogndal til Oslo frå fire til tre. Flyet i to-tida frå Sogndal som tidlegare gjekk direkte til Oslo har no ei mellomlanding i Sandane før den går til Oslo. Dette inneber at på dagane måndag til torsdag er tal direkteflygingar tre i staden for fire som nedfelt i anbodsgrunnlaget. Dette endrar trafikkbilete sterkt og vil gje eit dårlegare tilbod for reisande frå Sogndal fordi flyet får seinare retur til Oslo. I tillegg vil endringa gje redusert kapasitet for Sogndal. Widerøe er forplikta til å fly i tråd med kriteria i anbodsutlysinga, og Sogn og Fjordane fylkeskommune bør i høyringsfråsegna be Widerøe følgja desse kriteria.

Sogn regionråd vil gjerne utdjupa innspela til administrativ og politisk leing før fylkeskommunen sender høyringssvar til Widerøe.

Med helsing

Noralv Distad.
leiar Sogn regionråd
(sign)

Jarle Aarvoll
ordførar Sogndal kommune
(sign)